



Synnøve Melseth

Vår referanse  
19/11770 20/4817

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Oddbjørn Indregård

Dato  
10.09.2020

## **Sande kommune - Høyringsuttale ang utvikling av rehabiliteringstjenester i Møre og Romsdal**

Sande kommune viser til høyringsbrev datert 11.06.20 ang rehabiliteringstjenester i Møre og Romsdal.

Sande kommunestyre gir følgande høyringsuttale:

- Sande kommunestyre støtter alternativ 2 som grunnlag for det vidare arbeidet med utvikling av rehabiliteringstenestene i Møre og Romsdal.
- Sande kommunestyre forventar at finansiering av Helse Møre og Romsdal og spesialisert rehabilitering blir styrka gjennom Magnusmodellen II.
- Sande kommunestyre meiner at eit mål for både individ og samfunn må vere at ein skal vere mest mogleg deltakande i samfunnet, og utvikling av rehabiliteringstenestene i kommunane må styrkast både med finansiering, kompetanse og varierte tilbod kommunalt evt gjennom interkommunalt samarbeid. Sande kommune har både fagmiljø og arealer for å delta i eit interkommunalt samarbeid for slike tenester.
- Demografien i Møre og Romsdal viser eit aukande behov for meir teneste og tverrgåande kompetanse både innan rehabilitering og spesialisert rehabilitering. Mork gir i dag eit godt rehabiliteringstilbod til slagpasienter – dette må vidareførast.
- HMR bør utvikle fleire tilbod innan spesialiserte rehabilitering (hjerte, kreft, prehab, mm), og i mindre grad kjøpe slike tenester privat utanfor føretaket.
- Sande kommune vil bidra aktivt i å utvikle og tilby framtidige rehabiliteringstenester i vår region.

Med helsing

Anders Norvald Hammer  
Kommunedirektør

Oddbjørn Indregård  
Plan og utvikling

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

Andre mottakarar  
Helse Møre og Romsdal

---

Sande kommune  
Rønnebergplassen 17  
6084 Larsnes

[www.sande-mr.kommune.no](http://www.sande-mr.kommune.no)  
[postmottak@sande-mr.kommune.no](mailto:postmottak@sande-mr.kommune.no)

Sentralbord: 70 02 67 00  
Org. nr: 822 534 422  
Kontonr: 3906.07.50061